

Tilknyttede organisasjoner;



NVE

Molde, 5. nov. 2025

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb, Risken Sopp- og nyttevekstforening og 4 H Møre og Romsdal.

Nedre Driva kraftverk – uttale til planprogram

Vi viser til høring av forslag til utgreiingsprogram for Nedre Driva kraftverk (NDK) i Drivavassdraget i Oppdal og Sunndal kommuner, Møre og Romsdal og Trøndelag fylker med høringsfrist 07.11.2025.

Slik vi har forstått intensjonane med høringa er det å få innspel om kjente allmenne interesser eller andre forhold i området som vil bli påvirket av utbygginga og/eller at element i utbygginga som vil kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn. Vi vil no prøve på det med nokre punkt;

Manglande tilsyn

Det er avdekt at tilsynet med gjeldande konsesjonar i våre vassdrag er under einkvar tvil. Vi tenkjer då eks på mediaomtalen om at vassdragsnaturen nesten aldri blir kontrollert meldt inn av ein nestor i NVE (sjå https://www.nrk.no/klima/byggeboomav-norske-sma-vannkraftverk_-men-nve-kontrollerer-bare-noen-fa-1.16877598). Dette er noko også FNF Møre og Romsdal har



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

påpeika i enkeltsaker i fylket vårt samt til vannregionplanane. Vi ber om at dette momentet om å få til eit truverdig tilsyn med vassdragsnaturen, til dømes ved ei minstevassføring, kjem inn i utgreiingsplana.

Utbygging i verna vassdrag/område

Det er no politisk opna for også å vurdere verna vassdrag for energiutbygging. Dette gjer at ein må bli enno meir presis på kva kvalitetar som ligg i våre verna vassdrag – naturkartlegging av desse vassdraga bør difor vurderast spesielt i høve til andre vassdrag. For denne utbyggingsplana der ein går inn i verna vassdrag, betyr det at utgreiingsprogrammet må ha i seg ein naturkartlegging av ein uavhengig part på eit detaljert nivå.

Tverrslag Gresjo og Langvatnet, samt endring av manøvreringsreglement for Tovatna, vil ha direkte innverknad på verneområdet, då desse ligg i Trollheimen og Innerdalen landskapsvernområder. I tillegg kan endring av reguleringshøgde og manøvreringsreglement for Gjevilvatnet ha indirekte innverknad på verneområdet, i form av endring i den landskapsmessige opplevinga for dei som befinner deg i verneområdet med utsikt til Gjevilvatnet. Storli er éin av verneområdets innfallsportar, kor også tiltak her indirekte kan påverke verneområdets interesser i form av dei besøkandes oppleving av innfallsporten.

70 % av areala i Trollheimen landskapsvernområde er påverka av vasskraftutbygging. Det er meir enn nok. Det er uaktuelt å ta inn ytterlegare vatn i ny tunnel. Det finst knapt område som ikkje er påverka, og slike område som er upåverka treng vi som upåverka.

Gjevilvatnet

Reguleringen over fleire år har alleride ført til store erosjonsskader i Gjevilvatnet. Mengder med lausmasser raser ut kvart år i samband med tapping og fylling av Gjevilvatnet. Raudøra er eit av dei områda som rammast hardest, og den fantastiske stranda risikerer å bli vaska bort om ein ikkje håndterer manøvrering av vatnet godt, og antakeleg bruker mye pengar på erosjonssikring. Det same gjeld fleire andre stader langs vannet for eksempel i Vassenden. No ønskjer ein å få løyve til å senke vannet ytterligare 5 meter. Det vil gje store visuelle konsekvensar naturlegvis, men dette vil openbart gje enda større erosjonsskader. Utgreiingsprogrammet for NDK må seie noko om konsekvensene på natur, fiske, erosjon etc av ytterlegare senking av Gjevilvatnet.

Steintipping og lausmasse i fjorden

I EFTA-domstolen den 21.05.2025 kom dommen i stridsspørsmålet i Førdefjordsaken. Domstolen slo der fast at økonomiske omsyn ikkje er grunn god

nok til å tillate forureining av ein fjord som Førdefjorden. Slik vi tolkar denne dommen vil dette oppretthalde forbodet mot forureining av fjordar, elver og vann i heile EU-området. Dette betyr etter vårt syn at planprogrammet for NDK må ta inn i seg dette elementet i høve til forureingane som følgjer utbyggingsplana.

I samband med bygging av Oppdølstrandtunellen blei det tippa mykje steinmassar i Sunndalsfjorden. Liknande løysing kan vere aktuell i denne saka. Dette er uansett ressursar på avvege.

I tillegg kan Sunndalsfjorden bli påverka av dette (Stoff som blir med sprengstein ut). Sunndalsfjorden er påverka av ureining gjennom mange tiår. Elva tar med seg lausmasse som til ein viss grad dekker til gamle synder.

Påverking av fjordsystemet og samla effekt i høve til Aura

Magasinert vatn som sleppast ut på eit tidspunkt når ein treng det mest vil seie at vatn samla opp om sommaren og hausten blir sleppt ut om vinteren. Det blir mindre vatn i elva sommar og haust og meir vinter og vår. Verknaden ender opp i fjorden. Der vil algar og anna liv i sjøen bli påverka av temperatur og mineral/næringsemne som ikkje lenger passer med sola på himmelen. Dette må greiast ut. Sidan det er tale om tilsvarande verknader frå Aura kraftverk, må det også takast omsyn til.

Vandringsforvirring

Vi veit no nok om korleis auren og laksen finn si barndoms elv til å seie at å sleppe ut Driva-vatn direkte ut i fjorden ikkje er så lurt. Erfaringane våre tilseier at fisken fort vil bli forvirra og stå og stange mot turbinvatnet ut av kraftstasjonen framfor å gå opp Driva. Vi føreset at det blir utgreidd eit alternativ med utløpsvatnet frå NDK som går ut i elva framfor i fjorden.

Driva er eit viktig laksevassdrag og treng også vatn

Driva og laksen der er viden kjent. For lav vannføring i Driva, som fort blir ein konsekvens av forslaget om å pumpe vatn frå Driva og opp i Gjevilvatnet, er veldig farleg for fisken og naturen. Å berre ta flomvatnet høyres forlokkande ut, men minstvassføringa når det knip som verst er skrekkszenariet for naturen. Utgreiingsprogrammet for NDK må ta inn over seg å lage ei «totalberedskapsplan» for vassdraget om ikkje alt går som planlagt.

Alternative utbyggingar

Vi les i melding med forslag til utredningsprogram for NDK av 26.6.2025 frå utbyggar at det berre er eit alternativ, null-alternativet som er å forsette som før. Vi saknar utgreiing av eit alternativ der Festa-pumpa er med utan at NDK blir bygd, men noverande Driva kraftverk der det ligg blir utvida.

I dette prosjektet kan ein vel seie at noverande ordning ikkje representerer 0-alternativet. Vatn blir henta frå Gjevilvatnet og bruka i Driva kraftverk. Det er vatn som tidlegare rann ned til Driva ved Festa. Frå Festa til Driva kraftverk er det altså mindre vassføring enn det som var naturleg før bygginga av Driva kraftverk. Når ein skal vurdere verknaden av endra vassføring, startar ein altså under 0 i denne saka.

Jamnare vassføring – manglande ekstrepåverking

Flommar er naturlege og reinskar opp i elva. Kva konsekvens har det å ta vekk flommene i Driva ved å pumpe «overskotsvatnet» på Festa opp i Gjevilvatnet ?

Driva har så stor flaumvassføring at eit pumpekraftverk på Festa knapt vil merkast ved storflaum. Dei aller høgaste flaumtoppane vil bli omtrent som før. Mange av dei små flaumane vil derimot bli påverka ved at flaumtoppane blir jamna ut. Dette vil påverka elva både i stilleflytande område og i bekkekløfta mellom Festa og Gjøra. Bekkekløfta er i berre avgrensa grad undersøkt, og naturen som blir påverka mest er lite tilgjengeleg for kartlegging. Det er grunn til å tru at dette området har store verdier når det gjeld naturmangfald. Det er tale om at det kan vere unikt i norsk natur. Dette må undersøkast. Ein må særleg legge vekt på undersøking av område som sjeldan blir påverka av aktuelle endringar.

I meir stilleflytande delar av elva er det lausmasseøyrer som lever, flytter seg seg over tid. Elvebreiddane og lågareliggande flaummark blir også påverka, stadig og over tid. Slike areal vil lett kunne påverkast på annan måte ved ofte og små flaumar enn ved ei jamn vassføring. Etter erfaringane no med Surna synest å greie ut rørsle av sedimenta som ei utgreiingsoppgåve.

Auka effekt og kraftliner

Det følgjer naturleg at straumen er momentan og effektkøyring som no er vanleg, fører til behov for fleire kraftliner og ikkje færre kraftliner. Kor er desse linene og kor mange er tenkt no skal tru knytt til kraftplanane ? Vi meiner at rigging av kraftlinene må sjåast i samanheng med kraftutbygginane slik at dette må utgreiast pararellt no med NDK.

Dei viktige elementa for straumproduksjon og forbruk i Sunndal kan oppsummerast omtrent slik:

- Aura kraftverk og Driva kraftverk leverer ein del av forbruket til Hydro (Kring 1/3?).
- Hydro er avhengig av ein betydeleg mengde straum i tillegg til det som produserast lokalt. Det tyder at auka effekt legg til rette for at Hydro kan kjøpe meir straum av typen som produserast når vinden bles, sola skin eller elvene går fulle.

Utnytting av ei utbygging av effekt krev difor linekapasitet mellom kysten (vindkraft) og Sunndal. Når ein først har linene, legg det til rette for meir produksjon, mest truleg av typen vindkraft, på nordvestlandet.



Behovet for fleire kraftliner og suget etter ny vindkraftproduksjon er den sannsynlege verknaden av meir effekt, og må utgreiast.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal